KONKURRANSEGRUNNLAG

Open tilbodskonkurranse
etter forskrifta sin del I og II

for anskaffing av

Reiskapsberar

26/7166

Versjon juli 2026

1 GENERELL SKILDRING 3
1.1 Oppdragsgivar 3
1.2 Anskaffinga sitt føremål og omfang 3
1.3 Kontraktsvilkår 3
1.4 Deltilbod 3
1.5 Grunngiving for unntak etter anskaffelsesloven §5b 3
1.6 Viktige datoar 4
2 REGLAR FOR GJENNOMFØRING AV KONKURRANSEN 4
2.1 Anskaffingsprosedyre 4
2.1 Skatteattest 4
2.2 Offentlegheit og teieplikt 4
2.3 Vedståingsfrist 5
2.4 Oppdatering av konkurransegrunnlaget 5
2.5 Tilleggsopplysingar 5
3 KVALIFIKASJONSKRAV 6
3.1 Leverandøren si organisatoriske og juridiske stilling 6
3.2 Leverandøren sin økonomiske og finansielle kapasitet 6
4 TILDELINGSKRITERIUM 7
5 Innlevering av tilbod og tilbodsutforming 8
5.1 Elektronisk innlevering av tilbod 8
5.2 Elektronisk signatur 8
5.3 Tilbodsfrist 8
5.4 Utforminga av tilbodet 8
6 Vedlegg 9

1 GENERELL SKILDRING

1.1 Oppdragsgivar

Opplysingar om oppdragsgivar og oppdragsgivar sin kontaktperson kjem fram i oppdragsgivar sitt konkurransegjennomføringsverktøy (KGV).

All kommunikasjon med oppdragsgivar skal skje gjennom oppdragsgivar sitt KGV. Dette gjeld også spørsmål og svar.

1.2 Anskaffinga sitt føremål og omfang

Bjørnafjorden kommune skal fornye sin reiskapsberar som blir brukt til veg vedlikehald på våre kommunale vegar, fortau og gang- og sykkelvegar. Anskaffinga omfattar også service og vedlikehaldsavtale.

Fullstendig skildring av leveransen følgjer av kravspesifikasjonen.

1.3 Kontraktsvilkår

Kontrakten regulerast av kontraktsvilkåra i Bjørnafjorden kommune sin standardkontrakt for varekjøp.

1.4 Deltilbod

Det er ikkje høve til å gi tilbod på delar av oppdraget.

1.5 Grunngiving for unntak etter anskaffelsesloven §5b

Oppdragsgivar viser til unntaksbestemminga i LOA § 5b andre ledd om å kombinere tildelingskriterier med klima- og miljøkrav.

Oppdragsgivar meiner det er størst klima- og miljøgevinst å stille minstekrav til anskaffinga i kombinasjon med tildelingkriterium. Difor er tildelingskriteriet Miljø vekta lågare enn 30%.

I samband med denne anskaffinga er det vurdert ulike teknologiar for motorar, inkludert nullutsleppsteknologi (elektrisitet, hydrogen) og biogass. På grunn av marknaden sin umogenheit og bruksområdet som maskina skal dekkje, er det vald å fokusere på Euro 6-standarden for utslepp av skadelege stoff som eit krav i kravspesifikasjonen.

For denne anskaffinga er det klart at krav om Euro 6-standarden gir ein betre klima- og miljøeffekt enn å bruke tildelingskriterium åleine. Ved å stille eit absolutt krav om Euro 6, kan vi garantere at alle leverandørar som deltek i konkurransen, leverer motorar med lågare utslepp, noko som ikkje nødvendigvis ville vore tilfelle om vi

berre brukte relative kriterium. Dette sikrar at vi oppnår ein konkret og målbar forbetring i utsleppsreduksjon.

1.6 Viktige datoar

Oppdragsgivar har lagt opp til følgjande tidsrammer for prosessen:

Aktivitet	Tidspunkt
Frist for å stille spørsmål til konkurransegrunnlaget	27.08.2026, kl. 12:00
Frist for å levere tilbod	04.09.2026. kl. 12:00
Leveringsfrist	Innan 01.12.2026
Tilbodet si vedståingsfrist	04.12.2026

Det blir gjort merksam på at tidspunkta etter tilbodsfrist er førebelse og kan bli justerte. Ei eventuell forlenging av vedståingsfristen for tilbodet kan berre skje dersom leverandøren godkjenner dette.

2 REGLAR FOR GJENNOMFØRING AV KONKURRANSEN

2.1 Anskaffingsprosedyre

Anskaffinga blir gjennomført i samsvar med lov om offentlige anskaffelser av 17. juni 2016 (LOA) og forskrift om offentlige anskaffelser (FOA) FOR 2016-08-12-974. del I og del II. Kontraktstildeling vil bli gjort etter prosedyra open tilbodskonkurranse jfr. FOA § 8-3.

Oppdragsgivar planlegg å tildele kontrakt utan å ha kontakt med leverandørane utover å gjere eventuelle mindre avklaringar/korrigeringar av tilboda.

Leverandøren blir på det sterkaste oppfordra til å følgje dei rettleiingane som blir gitt i dette konkurransegrunnlaget med vedlegg og eventuelt stille spørsmål ved uklare punkt per e-post til kontaktperson.

2.1 Skatteattest

Valde leverandør skal på førespurnad levere skatteattest for meirverdiavgift og skatteattest for skatt. Dette gjeld berre dersom valde leverandør er norsk. Oppdragsgivar kan innhente skatteopplysingane.

Skatteattesten skal ikkje vere eldre enn 6 månadar rekna frå den dato oppdragsgivar meddeler kven som har vunne kontrakten.

2.2 Offentlegheit og teieplikt

For ålmenta sitt innsyn i dokument knytte til ei offentleg anskaffing, gjeld offentleglova. Oppdragsgivar og tilsette der pliktar å hindre at andre får tilgang eller kjennskap til opplysningar om tekniske innretningar og framgangsmåtar eller drifts-

og forretningsforhold det vil vere av konkurransemessig verdi å halde hemmeleg, jf. FOA §§ 7-3 og 7-4 og, jf. forvaltningslova § 13.

Leverandørane vert bedne om å informere oppdragsgjevar om eventuelle opplysningar i tilbodet som etter deira meining bør verte unntatt offentleg innsyn av ovannemnde årsak.

«Vedlegg 3 Eigenerklæring teieplikt» skal fyllast ut og sendast inn saman med tilbodet.

2.3 Vedståingsfrist

Leverandøren må vedstå seg tilbodet sitt til det tidspunktet som er oppgitt i pkt. 1.8 ovanfor.

2.4 Oppdatering av konkurransegrunnlaget

Eventuelle rettingar, suppleringar eller endringar av konkurransegrunnlaget, og spørsmål og svar i anonymisert form, vil bli formidla til alle leverandørar som har registrert si interesse for anskaffinga i KGV.

2.5 Tilleggsopplysingar

Dersom leverandøren finn at konkurransegrunnlaget ikkje gir tilstrekkeleg rettleiing, kan han skriftleg be om tilleggsopplysingar hjå oppdragsgivar.

Dersom det blir oppdaga feil i konkurransegrunnlaget, ber vi om at dette vert formidla skriftleg til oppdragsgivar.

3 KVALIFIKASJONSKRAV

For å kunne få sitt tilbod evaluert må leverandøren levere etterspurt dokumentasjon på at han oppfyller kvalifikasjonskrava. Sjå også pkt. 5.4

3.1 Leverandøren si organisatoriske og juridiske stilling

Krav	Dokumentasjonskrav
Leverandøren skal vere registrert i eit føretaksregister, fagleg register eller eit handelsregister i den staten leverandøren er etablert.	• Norske selskap: Firmaattest • Utanlandske selskap: Godtgjersle på at selskapet er registrert i føretaksregister, fagleg register eller eit handelsregister i den staten leverandøren er etablert.

3.2 Leverandøren sin økonomiske og finansielle kapasitet

Krav	Dokumentasjonskrav
Leverandøren skal ha tilstrekkeleg økonomisk og finansiell kapasitet til å kunne utføre kontrakten. Leverandøren skal ha ei rating minimum A eller betre, målt ut fra AAA Soliditets skala (Dun & Bradstreet) - eller tilsvarande score frå andre velrenommerte ratingselskap.	• Kredittvurdering som baserer seg på siste kjende rekneskapstal. Ratinga skal vere utført av kredittopplysningsverksemd som har konsesjon til å drive slik verksemd.

Dersom leverandøren har sakleg grunn til ikkje å leggje fram den dokumentasjonen oppdragsgivar har kravd, kan han dokumentere sin økonomiske og finansielle kapasitet ved å leggje fram eitkvart anna dokument som oppdragsgivar ser som eigna.

4 TILDELINGSKRITERIUM

Tildelinga vil skje på bakgrunn av kva for eit tilbod som har det beste forholdet mellom pris og kvalitet, basert på desse kriteria:

Vurderingstema:	Krav til dokumentasjon:
Tilbodspris – vekta 80% Under dette kriteriet vert det vurdert: - Tilbodspris	• Ferdig utfylt prisskjema bilag 4a
Miljø – vekta 20% Under dette kriteriet vert det vurdert: - Krav nr 37, 38, 39 og 40 i bilag 1 og 2, dvs. levetid, reservedelar og CO_2-utslepp	• Bilag 1 og 2 Oppdragsgivar sin kravspesifikasjon og Leverandøren sin løysingsspesifikasjon

5 Innlevering av tilbod og tilbodsutforming

5.1 Elektronisk innlevering av tilbod

Tilbodet skal i sin heilskap utformast på norsk, og leverast gjennom KGV. Eventuelle vedlegg skal lastast inn i KGV før innlevering. Tilbod som ikkje er levert via KGV vil verte avviste. Tilbodet skal vere bindande. Leverandøren har risiko for uklarheiter i tilbodet.

5.2 Elektronisk signatur

Vil tilrår leverandørane å nytte elektronisk signatur for å autentiserer seg ved innlevering av tilbod. Elektronisk signatur kan bestillast på www.commfides.com, www.buypass.no eller www.bankid.no.

5.3 Tilbodsfrist

Frist for innlevering av tilbod går fram av framsida i KGV. Etter dette tidspunkt vert KGV-systemet stengt slik at det ikkje lenger vil vere mogeleg å levere tilbod. For seint innkomne tilbod vil verte avvist.

5.4 Utforminga av tilbodet

Tilbodet skal leverast etter den utforminga det elektroniske systemet for innlevering angir. Leverandøren skal fylle ut og svare på alle punkter i konkurransedokumenta. Dokumentasjon skal lastast opp som pdf-filer dersom ikkje anna format er spesifisert. Prisark skal lastast opp som Excel-fil.

Tilbodet skal utformast med denne disposisjonen:

- Tilbodsframside – utfylt og signert (Vedlegg 2)
- Eigenerklæring teieplikt – utfylt og signert (Vedlegg 3)
- Dokumentasjon på oppfylling av kvalifikasjonskrav (jf. pkt 3)
    - 3.1 Firmaattest
    - 3.2 Kredittvurdering
- Bilag 1 og 2 Oppdragsgivar sin kravspesifikasjon og Leverandøren sin løysingsspesifikasjon - utfylt
- Dokumentasjon 1, jf. krav 10 i bilag 1 og 2
- Dokumentasjon 2, jf. krav 11 i bilag 1 og 2

6 Vedlegg

- Vedlegg 1 STANDARDKONTRAKT FOR VAREKJØP
    - Avtaleskjema
    - Bilag 1 og 2 - Kravspesifikasjon og løysingsspesifikasjon
    - Bilag 3 - Administrative bestemmelser
    - Bilag 4 - Prisbestemmelser
    - Bilag 4a – Prisskjema
    - Bilag 5- Endringer i den generelle kontraktsteksten
    - Bilag 6 - Endringer av leveransen
    - Bilag 7 - Opsjoner
- Vedlegg 2 Tilbodsframside
- Vedlegg 3 Eigenerklæring teieplikt
- Andre vedlegg: Bilete av oppdragsgivar sitt utstyr